



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtedato: 15.05.2025
Møtetid: 13:15 - -15:30
Møtestad: Rongevær, Rongevær kysthytte

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Odd-Marthin Totland	medlem	H	
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Reidar Ulvøy	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	

Faste medlemmer som ikkje møtte (ingen varamedlemmer kalla inn)

Namn	Rolle	Parti
Hege Ramsland	MEDL	H
Reidar Øksnes	MEDL	SP

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Bjørnar Fjellhaug	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef
Trine Merete Jansen	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utval sleiar eller ordfører i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore, møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 41/2025	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 15. mai 2025	
PS 42/2025	Godkjenning av møteprotokoll frå 30. april 2025	
PS 43/2025	Referatsaker til kommunestyremøtet 15. mai 2025	
RS 17/2025	Årsmelding og info - Nordhordland legevakt 2024	
RS 18/2025	Årsmelding 2024 for Eldrerådet - versjon 2	
RS 19/2025	Oppfølging - Arbeidsgruppe for nybygg/rehabilitering	
RS 20/2025	Gjeldsrapport april 2025	
RS 21/2025	Skatteoversikt til og med mars 2025 - frå Statsforvaltaren	
RS 22/2025	Kommunegrafene - April 2025	
PS 44/2025	Tertialrapport 1 med budsjettjustering	

PS 41/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 15. mai 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 41/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 15. mai 2025
Kommunestyret - 15.05.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 41/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 15. mai 2025
Kommunestyret - 15.05.2025

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 42/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. april 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Sak 42/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. april 2025
Kommunestyret - 15.05.2025

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 42/2025 Godkjenning av møteprotokoll frå 30. april 2025

Kommunestyret - 15.05.2025

Møteprotokollen vart godkjent

PS 43/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 15. mai 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 43/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 15. mai 2025

Kommunestyret - 15.05.2025

Handsaming:

Per Lerøy (Ap) varsla at han kjem med eit eige framlegg om arbeidsgruppe for AVS, sjå referatsak 19/2025, Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at denne saka vert meldt opp som politisk sak til kommunestyret i juni, og ikkje berre som referatsak som det var til kommunestyret no. Lerøy sitt framlegg kan fremjast i samband med at saka kjem opp i kommunestyret.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 43/2025 Referatsaker til kommunestyremøtet 15. mai 2025

Kommunestyret - 15.05.2025

Referatsakene vart teke til vitande.

RS 17/2025 Årsmelding og info - Nordhordland legevakt 2024

RS 18/2025 Årsmelding 2024 for Eldrerådet - versjon 2

RS 19/2025 Oppfølging - Arbeidsgruppe for nybygg/rehabilitering

RS 20/2025 Gjeldsrapport april 2025

RS 21/2025 Skatteoversikt til og med mars 2025 - frå Statsforvaltaren

RS 22/2025 Kommunegrafene - April 2025

PS 44/2025 Tertialrapport 1 med budsjettjustering

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for fyrste tertial til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei redusert kostnadsramme på 4,8 millionar kroner.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjettet for sosiale ytingar vert auka med 2 millionar kroner.
4. Kommunestyret godkjenner at det vert stopp i ei rad investeringar inntil sal av næringstomtene tomtene Gnr.128, bnr 68 & 130 er gjennomført.
5. Kommunestyret ber om at Kommunedirektøren kjem attende med ei sak knyta til sosiale ytinga.

Sak 44/2025 Tertialrapport 1 med budsjettjustering

Kommunestyret - 15.05.2025

Handsaming:

Økonomisjef Odd Harald Dommersnes orienterte om tertialrapporten, jamfør saksutgreiinga. Ser at flyktningar har for lite insitament til å komma seg ut i arbeid. For høge kostnader på sosiale ytingar.

Frank Erik Øksnes (Uavhengig) sa at ein må gjera ein større innsats for å få flyktningar ut i arbeid. Må sjå på kor mange ein skal ta i mot til Austrheim framover.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug sa at dei sosiale ytingane er så gode at det ikkje er noko motivasjon for å gå ut i arbeid.

Monika Thorpe (Ap) spurte om kva som vert gjort for å få flyktningar raskare ut i arbeid.

Kommunedirektør Fjellhaug sa at det kjem eiga sak til kommunestyret om korleis ein skal gå inn i å få folk over frå sosiale ytingar og ut i arbeid.

Morten Sognnes (H) viste til at det er interesse for å komma seg ut i arbeid, men ikkje alle klarer å nå fram.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det kan lagast god informasjon på eige språk om at det er eit ønske om å komma seg ut i arbeid. Ligg ei forventning på at dei skal komma seg ut i arbeid.

Aslak A. Bakke (H) spurte om det er mogleg å nytta brukarar av sosiale ytingar tilbod om arbeid med vedlikehald av kommunale bygg (som maling) her svara kommunedirektøren at det er til vurdering.

Frank Erik Øksnes (Uavhengig) sa at det er viktig å kommunisera ut at det ikkje er oppseiingar, dette svara Fjellhaug at det er sagt ut i samband med kortsiktige innsparingar.

Per Lerøy (Ap) spurte om at det er budsjettert med for høge skatteinntekter, når kommunen har ein skattevekst på 9,8 prosent men likevel ikkje når opp i det som er budsjettert.

Frank Erik Øksnes (Uavh) spurte om det er mogleg med samarbeid til dømes mellom skulane, men med en rektor, her svara kommunedirektør Fjellhaug at det er mogleg men ikkje ideelt å ikkje ha leing på plass lokalt på kvar skule.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om balanse utan flyktningar, her svara Odd Harald Dommersnes at det hadde gitt stor minus sidan inntektene er større enn utgiftene.

Anette Kaland (Ap) sa at ein må sjå lønsutgiftene opp mot at det er brukt ein del vikar i enkelte einingar for å dekkja inn for tillitsvalde og folkevalde som har noko fråvær.

Varaordførar Per Lerøy (Ap) sa at gruppa støttar investeringsstoppen, men spurte om kloakkstasjonar, det er vel sjølvkost? Her svara Dommersnes at det ligg ein kostnadsrisiko i prosjektet Førland – Solend, må venta og sjå korleis det går der.

Morten Sognnes (H) spurte om det er rett å knyta punktet om sal direkte til akkurat desse gards- og bruksnummera. Det vart svara frå administrasjonen at det ikkje betyr noko om det vert selt akkurat desse gards- og bruksnummera eller om det kjem salsinntekter frå sal av andre kommunale tomter.

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om unge uføre, dette kjem ein tilbake til.

Monika Thorpe (Ap) spurte om mottak av flyktningar framover, her viste administrasjonen til signal frå regjeringa om at det er venta reduksjon av pågangen om å komma til Norge.

Ordførar Morten Sognnes refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 44/2025 Tertialrapport 1 med budsjettjustering

Kommunestyret - 15.05.2025

1. Kommunestyret tar tertialrapporten og gjeldsrapporten for fyrste tertial til vitende.
2. Kommunestyret godkjenner Kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei redusert kostnadsramme på 4,8 millionar kroner.
3. Kommunestyret godkjenner at budsjettet for sosiale ytingar vert auka med 2 millionar kroner.
4. Kommunestyret godkjenner at det vert stopp i ei rad investeringar inntil sal av næringstomtene tomtene Gnr.128, bnr 68 & 130 er gjennomført.
5. Kommunestyret ber om at Kommunedirektøren kjem attende med ei sak knyta til sosiale ytinga.